

Detaljregulering for Sigdestadneset 116-3 Bremanger kommune

Oppdragsgjevar

SFE v Arild Bruland

Oppdrag

Detaljregulering og oppheving av gjeldande plan

Rapport type


Planinitiativ

Prosjektnr.


230449

Dato

12.02.24



Opplysningar til kommunen

 <p>arkitektur konstruksjon landskap</p>	Prosjektnr: 230449	Oppstartsdato: 01.01.24
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no	Kundeinformasjon: SFE Produksjon AS v/Arlid Bruland Sørstrandvegen 227, 6823 Sandane Tlf: 57 88 47 00/ 57 88 48 00	
Prosjektleiar: Siri Gausemel	Sign: 	
Medarbeidarar: Marte Turtum	Sign: 	
KS: Siri Gausemel	Sign: 	

Bakgrunn og føremål

På vegne av Sogn og Fjordane Energi (SFE) sender vi planinitiativ og førespurnad om oppstartsmøte etter plan- og bygningslova § 12-8. Planinitiativet omtalar premissane for det vidare planarbeidet, og er grunnlag for gjennomføring av oppstartsmøte.

Føremålet med planarbeidet er å gjennomføre ei detaljregulering som legg til rette for bobilparkering, fritidsbustader og båthamn med tilkomstveg og parkering. Det er og planlagt ein turstig frå bobilparkeringa til båthamna, langsmed fjorden.

Planområdet er i hovudsak omfatta av gjeldande reguleringsplan frå 27.02.2002, og ny reguleringsplan vil erstatte denne.


Planområdet og avgrensing

Planområdet ligg på Sigdestadneset i Bremanger kommune, ca. 25 km aust for kommunesenteret Svelgen i Ålfoten. Planområdet ligg i tilknyting til den kommunale vegen «Ålfotvegen» med tilkomst frå vegen «Rekevika».

Planområdet er førebels avgrensa i fjorden i øst, i sør følgjer plangrensa avgrensinga til eksisterande plan og i vest eigedomsgrensa til SFE. I Sigdestadvika i nord omfattar plangrensa og noko areal i fjorden. Planområdet har eit totalareal på om lag 170 daa.



Overordna perspektiv: Planområdet ligg om lag 25 km aust for Svelgen og er markert med raud og kvit nål i kartet over (Norgeskart).



Føreslått planavgrensing synt med svart omriss i biletet over.

Planområdet omfattar areal som i Ar5 er registrert som skog. Planområdet framstår i dag som eit skogsområde med strandsone utan større inngrep, med unntak av ein einebustad med eit garasjehus/ anneks og tilhøyrande naust nede ved fjorden ved Mortekråna (gbnr. 116/6 og 116/26). Området er i dag eit mykje brukt friluftsområde, spesielt av Ålfoten oppvekstsenter som ligg mellom planområdet og Ålfotvegen. Sumaren 23 vart det gjort eit moglegheitstudie for området, der dei blant anna kartla dagens arealbruk av området (sjå biletet under)



Biletet syner dagens arealbruk av planområdet og Sigdestadneset med nærområdet rundt. Biletet er henta frå bacheloroppgava «Mulighetsstudie for Sigdestadneset i Ålfoten, Bremanger kommune» av J. E Sundnes og H. W. Glomset (2023) ved Høgskulen på Vestlandet.

Forhold til gjeldande planverk


Foreslått planområde er omfatta av følgjande planar:

- Kommuneplanen sin arealdel (2004)
- Reguleringsplan for Sigdestadneset, planid. 2002.02 (2002)

Kommuneplanen sin arealdel:

Kommuneplanen sin arealdel er frå 2004, utsnitt frå plankart med teiknforklaring er vist under. Bremanger kommune arbeider med å revidere kommuneplanen sin arealdel.


Planutkastet har vore i fleire høyringsrundar. På det aktuelle arealet signaliserer kommunen gjennom planutkastet at arealbruken frå gjeldande reguleringsplan kan vidareførast, men at det vil vere krav om ny reguleringsplan før området kan utbyggast.



Biletet viser utsnitt av plankartet for kommuneplanen sin areal del fra 2004.

Reguleringsplan for Sigdestadneset

Dagens reguleringsplan for Sigdestadneset er fra 2002. Planen legg opp til småbåthavn (grått felt S), hytter for utleie og private hytter (oransje felt H1-H6), naust (grått felt N), rorbuer (oransje felt R) og tilknytt veig.



Biletet viser utsnitt av plankart for gjeldende reguleringsplan for Sigdestadneset.

Planlagde tiltak og verknader for planforslaget

Føremålet med planarbeidet er å gjennomføre ei detaljregulering for å leggje til rette for bobilparkering, fritidsbustader og båthamn med tilkomstveg og parkering. Det er også planlagt ein turstig frå bobilparkeringa til båthamna, langsmed fjorden. Dette samsvarar med innspela frå Ålfoten Grendeutval, visualisert på kart under.



Biletet viser planlagde tiltak skissert i kart.

Det vidare planarbeidet vil avklare og gjere naudsynt greie for følgande:

- Visuell verknad/landskapsverknad
- Verknader for omkringliggende bustader og omgjevnader.
- Friluftsliv og strandsone
- Utslepp til vassdrag og sjø
- Trafikk (kjøretilkommst)

Samfunnssikkerheit

Planinitiativet skal gjere greie for korleis samfunnssikkerheit skal bli ivaretatt, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit. Under følgjer analyseskjema som er brukt for å identifisere moglege uønskte hendingar, samt eliminere problemstillingar som ikkje er aktuelle for nærmare gjennomgang. Førebels vurdering vil vere utgangspunkt for diskusjon i oppstartsmøtet.

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING	J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER	
STORE ULUKKER	Eksplosjon, utslepp av farlege stoff, akutt ureining	N	Det er ikke kjent slik fare i eller omkring planområdet i dag, og planen legg heller ikke opp til tiltak som vil auke denne faren.	Nordplan as
	Brann i bygning/ anlegg	J	Tiltaket som det ønskjas å opne for vil auke fara for brann i planområdet. Brannvesenet vert varsla ved oppstart av planarbeidet.	Nordplan as
	Større ulykker (veg, bane, sjø, luft)	N	I følgje vegkart er trafikkmengda på FV 614 gjennom Ålfoten berekna til 300 ÅDT. Den kommunale vegen som går vidare inn mot planområdet har ikke berekna ÅDT. Ålfoten oppvekstsenter ligg mellom den kommunale vegen og planområdet. Det er ikke grunn til å tru at denne vegen er spesielt trafikkert, men det vil nok vere noko trafikk til og frå oppvekstsenteret. Vi har vurdert at det ikke er fare for større ulukker i tilknyting til veg.	Nordplan as
	Storulykke objekt	N	Det er ikke kjent storulukkeobjekt i eller tilgrensande planområdet.	Nordplan as
	Kollaps av bygning/ konstruksjon	N	Det er ikke kjent fare for kollaps av bygning eller konstruksjon.	Nordplan as
	Akutt ureining	N	Det er ikke kjent at det finns kjelder til forureining innanfor planområdet i dag. Utover at det er registrert to slamavskiljarar tilknytt bustadhús/hytter. Ny plan legg opp til fritidsbustader og bobilparkering, noko som kan auke fara for forureining. Tiltak for å hindre/redusere utslepp i forbindelse med fritidsbustader og bobilparkering (avløp) sikrast i føresegner.	Nordplan as Fylkesatlas.no «Forureining»
NATURFARE	Flaum og stormflo	J	Deler av planområdet, ei litra sone langs fjorden, ligg innanfor aktsomheitssona for flaum jf. kart frå NVE.	NVE kartkatalog
	Havnivåstigning	J	Ifølgje seahnivå.no er vannstanden for sikkerheitsklasse 2 berekna til 222cm. Planområdet går frå fjorden (0 moh) og opp mot ca. 25 moh.	Seahnivå.no
	Jord- og flaumskred, fjellskred med konsekvens tsunami eller oppdemming	J	I følgje kart frå NVE ligg deler av planområdet, ei litra sone langs fjorden, innanfor potensiell faresone for tsunami eller oppdemming.. Dette må fylgjast opp i vidare planarbeid.	NVE/Fylkesatlas

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER
KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR OG	Snøskred	N	Ifølgje akt somheitskart frå NVE er ikkje planområdet omfatta av akt somheitssone for snøskred.	NVE/Fylkesatlas
	Steinsprang/steinskred	N	Ifølgje akt somheitskart frå NVE er ikkje planområdet omfatta av akt somheitssone for steinsprang.	NVE/Fylkesatlas
	Kvikkleire	J	I følgje kart frå NVE ligg planområdet innanfor potensielt fareområde for kvikkleire. Dette må avklarast nærmere i planarbeidet.	NVE kartkatalog
	Erosjon (langs vassdrag og kyst)	N	Det er vurdert at dette ikkje er relevant da Sigdestadneset ligg så skjerma til. Basert på flyfoto over området legg ein også til grunn at store deler av området består av bart fjell og svært tynst jorddekke.	Nordplan as. Fylkesatlas
	Overvatn		Planområdet består i dag i hovudsak av skogdekte/grøne flater og bart fjell. Overflatevatin vil hovudsakeleg infiltrerast i grunnen, eller vil fylgje bekkar innanfor planavgrensinga.	NVE kartkatalog
	Skog- og lyngbrann	N	Planområdet er i dag i hovudsak eit skogsområde. Brann i planområdet kan forårsake skogbrann. Det er ikkje kjent at det er spesiell brannfare knytt til planlagt aktivitet i planområdet. Det er vurdert at det ikkje er stor fare knytt til dette.	Nordplan as
	Ekstremvind		Ifylgje <i>Klimaprofil for Sogn og Fjordane (2022)</i> er det knytt stor usikkerheit til framskrivingane for vind, men truleg lite endring. Det er ikkje kjent at planområdet er særleg vindutsatt, men ved ekstremvêr vil det potensielt kunne oppstå materielle skadar på bygningar og anna. Det er ikkje vurdert at risikoен for dette krev vidare utgreiing.	Norsk klimaservicesenter, klimaprofil Sogn og Fjordane
	Veg, bane, luftfart, skipsfart	N	Planarbeidet har som mål å regulere ny vegtrase for tilkomst til småbåthavna. Sjå elles punkt om trafikkulukke.	Nordplan as
	Vassforsyning-bortfall, skade, ureining		I vidare planarbeid må dette sjekkast opp med oppdragsgjevar og kommunen.	Nordplan as
	Avlaupssystem bortfall, skade, ureining		Kart over eventuelle avlaupssystem innhentast frå kommunen. Løysingar for handtering av spillrvatn skal vurderast i det vidare planarbeidet, gjennom utarbeiding av VAO rammeplan.	Nordplan as
	Energi, gass og IKT bortfall, skade		Det skal hentast inn data frå lokalt nettselskap.	Nordplan as

SJEKKLISTE – moglege uønska hendingar				
UØNSKA HENDING		J/N	KOMMENTAR/TILTAK	KJELDER
	Overvassanlegg bortfall, skade		Aktuelle løysingar for overvatn skal vurderast i det vidare planarbeidet, gjennom utarbeiding av VAO rammeplan.	Nordplan as
	Framkome for utrykkingskøyretøy/ sløkkebil		Næraste brannstasjon ligg i Svelgen, ca. 25 km frå planområdet. Planområdet har i dag etablert tilkomst via den kommunale vegen Ålfotvegen og vidare på vegen Rekevika. Estimert køyretid frå brannstasjonen i Svelgen til Ålfoten Oppvekstsenter (ved planområdet) er ca. 28 min, noko som gjev relativt lang responstid.	Nordplan as
	Tilgang på sløkkevatn		Det er ikkje kjent om det finns sløkkevasskjelder i planområdet i dag. Fylgjast opp i vidare planarbeidet.	Nordplan as
	Trafikkulykke	N	Med etablering av småbåthavn, fritidsbustader og bobilparkering vil det bli noko auke i transport til området. Vi vurderer at det likevel ikkje vil vere stor risiko for trafikkulukker i/ tilgrensande planområdet. Planarbeidet skal gjere vurderingar knytt til transport til/ frå planområdet samt andre vurderingar knytt til trafikk.	Nordplan as

Varsling av tiltaket og prosessar for medverknad

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8, vert oppstart av planarbeidet varsla ved annonse i lokalavisa, samt på heimesidene til Nordplan og Bremanger kommune. Naboar og andre offentlege og private interessentar vil bli varsle direkte ved brev/e-post. Det vert ikkje lagt opp til medverkandsprosessar ut over det som er knytt til ordinær varsling i saka.

Førebels høyringsliste for offentlege og private høyringsinstansar leggast til grunn, og vert supplert etter oppstartsmøte med kommunen:

Namn	E-post
Statens vegvesen, region vest	firmapost@vegvesen.no
Statsforvalteren i Vestland	sflpost@statsforvalteren.no
Vestland fylkeskommune	post@vlfk.no
NVE Region vest	nve@nve.no

SFE Nett	post@sfe.no + dialog med tiltakshavar ?
Telenor kabelnett	kabelnett@telenor.com
Mattilsynet	postmottak@mattilsynet.no
Nordfjord miljøverk IKS	post@nomil.no
Naturvernforbundet Sogn og Fjordane	sognogfjordane@naturvernforbundet.no
Bremanger kommune v/ brannsjef	post@bremanger.kommune.no

Vurdering av plikt om konsekvensutgreiing

Forslagsstillar har, jf. § 4 i forskrift om konsekvensutgreiingar (06/2017) (KU-forskrifta), ansvar for å vurdere om planen er omfatta av §§ 6, 7 og 8 i same forskrift.

Tiltaket er ikkje omfatta av §§ 6 og 7. Jf. § 8 bokstav a) skal reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. I vedlegg II pkt. 12 (turisme og fritid) bokstav b) er lystbåthamner lista. For å avgjere om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn er det vurdert etter kriteria i § 10 i forskrift om konsekvensutgreiingar i tabell under.

Eigenskapar ved planen eller tiltaket §10, andre ledd:

a) Storleik, planområde og utforming
Areal avsett til småbåthamn er avgrensa, og tiltaket med småbåthamn er vurdert til å vere eit lite tiltak.
b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar
Tiltaket i sjø vil beslaglegge areal i sjøen tilsvarende installasjonen. Tiltaket vil utover dette føre med seg minimale konsekvensar.
c) Avfallsproduksjon og utslepp
Tiltaket medfører stasjonering av småbåtar i området. Dette kan føre til mindre utilsikta utslepp av olje og drivstoff. Det er likevel vurdert at dette vil utgjere minimal risiko dersom det skulle førekoma.
d) Risiko for alvorlege ulukke og/eller katastrofar
Tiltaket fører ikkje med seg særleg potensiale for alvorlege ulukker og/ eller katastrofar.

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane §10, tredje ledd (aktuelle punkt er uteheva):

a)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markaloven § 11 ▪ utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI) ▪ prioriterte artar ▪ verna vassdrag ▪ nasjonale laksefjordar og laksevassdrag ▪ objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova
b)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ truga artar eller naturtypar ▪ verdifulle landskap ▪ verdifulle kulturminne og kulturmiljø ▪ nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift ▪ områder som er særleg viktig for friluftsliv
c)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ statlege planretningslinjer: <ul style="list-style-type: none"> ○ statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021). ○ Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018). ○ Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014). ○ Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995). ▪ statlege planføreresegner eller regionale planføreresegner
d)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ større omdisponering av område avsett til landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd
e)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar blir overskride
f)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Konsekvensar for folks helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftforureining
g)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vesentleg forureining eller klimagassutslepp
h)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Risiko for alvorleg ulykke som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum

Denne vurderinga etter § 10 er gjort på grunnlag av vår informasjon og den kunnskapen som er tilgjengeleg i offentlege databasar. På bakgrunn av dette har vi vurdert at tiltaket ikkje vil få vesentlege verknader for miljø eller samfunn og dermed ikkje løyser ut kravet om konsekvensutgreiing.